



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201001132
Arkivnr. 146.611
Sakshandsamar Spjeld, Britt Karen

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	16.03.10	22/10
Fylkesutvalet	18.03.10	54/10

UTTALE OM FORSLAG TIL NYE KRITERIA FOR FYLKESVIS FORDELING AV SPELEMIDLAR TIL ANLEGG FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET

Kultur- og ressursutvalet 16.03.10

Det var 12 representantar til stades.
Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

1. Arbeidet innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv må styrkjast som regionalpolitisk område.
2. Forvaltinga av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet og idrett må overførast til regionane.
3. Kulturdepartementet bør sette i gang arbeidet med å revidere gjeldande idrettspolitik og utarbeide ein ny overordna kostnadsnøkkel for fordeling av spelemidlar med større vekt på regionalpolitisk råderett.
4. Inntil vidare bør gjeldande fordelingsnøkkel for spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet etter overskot i Norsk Tipping A/S endrast slik:
 - Godkjent søknadssum vektast med 70 %.
 - Befolkningsgrunnlag vektast med 30 %.
 - Kriteriet "anleggsdekning" takast ut av fordelingsnøkkelen.
 - Ny fordelingsnøkkel bør tidlegast gjelde frå 2011.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

1. Arbeidet innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv må styrkjast som regionalpolitisk område.
2. Forvaltninga av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet og idrett må overførast til regionane.
3. Kulturdepartementet bør setje i gang arbeidet med å revidere gjeldande idrettspolitik og utarbeide ein ny overordna kostnadsnøkkel for fordeling av spelemidlar med større vekt på regionalpolitisk råderett.
4. Inntil vidare bør gjeldande fordelingsnøkkel for spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet etter overskot i Norsk Tipping A/S endrast slik:
 - Godkjend søknadssum vert vekta med 70 %.
 - Befolkningsgrunnlag vert vekta med 30 %.
 - Kriteriet "anleggsdekning" vert teke ut av fordelingsnøkkelen.
 - Ny fordelingsnøkkel bør tidlegast gjelde frå 2011.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 19. mars 2010

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND
Mikael Butelsen